

Kunnskapsgrunnlag og utviklingsplan 2021-22

Bryne ungdomsskule



Innhold

Innleiing.....	3
A. Kunnskapsgrunnlag.....	4
Utviklingsområde 2020-21	4
Evaluering av utviklingsområde 2020/2021.....	7
Oppsummering av evaluering:	8
Resultat 2020-21	9
Læringsresultat.....	9
Læringsmiljø	14
Oppsummering av funn og tiltak vidare.....	18
Metodikk	Feil! Bokmerke er ikke definert.
B. Utviklingsplan	19
Skildring av utviklingsområde	19
Utviklingsplan 2021-.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.

Innleiing

Som del av skulebasert vurdering ser me som skule årleg på i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20). Forskrift til opplæringslova §2-1

I dette arbeidet skal me som skule bruka eitt breitt kunnskapsgrunnlag for å kunna vurdere om elevane våre når måla i læreplanverket. Alle skal medverke i dette arbeidet slik at me i fellesskap ser på resultat av opplæringa i samanheng med mål og prinsipp i læreplanverket, og sikrar at kunnskapsgrunnlaget reflekterer breidda av måla i læreplanverket knytt til læringsmiljø og fag.

Kunnskapsgrunnlaget er vår kjelde til å kunna gjennomføra ein god analyse der me stiller oss spørsmåla;

I kva grad når elevane våre måla i læreplanverket?

Kva er det ved vår skule sin praksis som gjer at elevane når eller ikkje når måla?

Det som kjem fram av analysen skal vera grunnlaget for å vurdere om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa bidreg til å auke måloppnåinga til elevane.

Tiltak som vert sett i verk skal evaluerast undervegs i skuleåret, og me skal gjera nødvendige tilpassingar dersom det syner seg at endringar ikkje fører til forbetring. I dette er elevane ei sentral kjelde til informasjon, og skal på ulike måtar vera involvert i den skulebaserte vurderinga ved vår skule.

Desse prosessane og evalueringane er del av å identifisera om det må gjerast endringar knytt til mål og tiltak, eller om det er behov for nye utviklingsområde. Når utviklingsområde vert vurdert til at dei kan gå over i drift, skal det gjennomførast ståstadanalyse i personalet som del av prosess knytt til val av nye utviklingsområde. Utviklingsplanen skal vera tilgjengeleg på heimesidene. Kunnskapsgrunnlaget (A) skal vera tilgjengeleg for samarbeidsorgan, personalet og skuleeigar. Utviklingsplanen (B) skal vera tilgjengeleg på heimesidene.



Kvalitetshjulet illustrere korleis arbeidet med kvalitet er ein kontinuerleg prosess (www.udir.no)

Dokumentet er delt i to delar

- A. Kunnskapsgrunnlaget som omhandlar prosessar, medverknad og evalueringar knytt til nåverande utviklingsområde. Status knytt til læringsresultat i høve til kartleggingsprøvar og mål knytt til fag i LK20 og elevundersøkinga
- B. **Utviklingsplan**

A. Kunnskapsgrunnlag

Overordna mål

Sektormåla for grunnskulen

1. Alle har eit godt og inkluderandelæringsmiljø
2. Barn og unge som har behov for det, får hjelpetidlegslisk at alle får utviklingspotensialet sitt
3. Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
4. Alle lykkast med opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Modell for skuleutvikling

I vurderinga om kva som er kvalitet i skulen, treng ein både perspektivet **prosess** og **resultat**. Det vil sei at i tillegg til å analysere prøver og brukarundersøkingar, må ein og vurdere kvaliteten på leing- og undervisningsprosesser i seg sjølv.

Visjon	Organisasjon	Ledelse	Profesjons- utvikling	Prosesser som understøtter elevens læring og utvikling	Elevens læring og utvikling
Etablere mål og forventninger (Skal handle direkte om elevens læring og utvikling)	Strategisk bruk av ressurser	Lede lærernes læring og utvikling	Kollektiv	Bruke elevens forkunnskaper	Økt læring
	Rekruttering	Forsikre seg om kvaliteten på undervisningen som blir gitt		Utfordre den enkelte elev	
	Felles regler, rutiner og standarder	Sikre et velordnet og trygt læringsmiljø	Individuell	Strukturere innholdet	
	Samarbeid med andre			La eleven medvirke	
Analyse/selvevaluering			Skape gode relasjoner		
				Lede klassen autoritativt	

Modellen byggjer på teori og nyare forskning om skuleleiing, undervisning og inkluderande skulemiljø. **Lenker: Udir, Vivian Robinson, etc**

Utviklingsområde 2020-21

Følgjande er/var utviklingsområde 2020-21: LK 2020

Eleven skal ha læring framgang i læring på sitt nivå. Han skal ha høve til å strekke seg så langt som mulig. Læringsresultat og læringsmiljø er samanfatta i måla og tiltaka under.

Effekt mål, overordna gevinst i eit større perspektiv.	Resultatmål, konkret kva eleven skal oppnå.	Delmål på vegen	Tiltak i forhold til delmål.	Evaluering	Suksesskriterium
Elevene skal ha framgang i læring på sitt nivå. Skal få høve til	Eleven opplever mestring i fag.	Eleven medverkar i eiga læring. Eleven lærer å læra	Lærar legg til rette for at elevane får vera med å velja arbeidsmåtar, laga kriterier for vurdering.	Evaluering av denne planen i fellestid og i Utviklingsgruppa.	Betre trivsel og høgare motivasjon. Eleven opplever og resultatata viser

å strekke seg så langt som mulig			Lærer brukar og lærer elevane varierte læringsstrategiar. Lærer tilpassar arbeid til eleven sitt nivå.	Resultat på lærings- og trivselsundersøkingar. Resultat på NP,	læring for den enkelte elev.
	Eleven er den som er mest aktiv i undervisninga	Eleven er motivert. Eleven får arbeid og oppgaver på sitt nivå. Eleven forstår framovermeldingar og veit kor dei ligg.	Lærer tilpassar arbeidet til eleven sitt nivå. Lærer praktiserer 20-80. Lærer lagar rike oppgaver som kan løysast på alle nivå. Lærer varierer undervisninga. Lærer gir tilbakemeldingar i Teams og VFS gjennom heile løpet, og halvårsvurderingar utan karakter i VFS kvar termin alle tre åra. Lærer har god oversikt over eleven si fagleg utvikling. Lærer stiller tydelege forventningar til eleven.	standpunkt og eksamen. Elevane skal heva seg 4 skalapoeng på Nasjonale prøvar frå 8. til 9. trinn.	Resultata for enkeltelevener viser at eleven har heva seg til sitt potensial. Eleven veit korleis han kan få oversikt over eiga utvikling.
	Eleven samarbeider med andre elevar	Eleven regulerer seg sjølv (læring, samarbeid, sosialisering osv)	Lærer legg opp til variert undervisning og arbeidsmetodar. Skulen bruker metoden samarbeidslæring.		

	Eleven kan løysa komplekse oppgåver	Eleven lærer å tolka oppgåver	Lærer tilpassar arbeidet til eleven sitt nivå. Lærer lagar rike oppgåver som kan løysast på ulike nivå. Lærer modellerer i undervisninga.		
	Eleven utviklar digital dømmekraft	<p>Eleven er kritisk til kjelder</p> <p>Eleven kan seia noko om opphavet til kjelder</p> <p>Eleven kan samanlikna og vurdere to kjelder</p> <p>Eleven skal bli ein ansvarleg og kritisk digital brukar</p>	<p>Lærer legg opp til at eleven skal få bruka si utforskartro</p> <p>ng</p> <p>Eleven lærer å vera kritisk</p> <p>Lærer modellerer god kjeldebruk</p> <p>Lærer legg opp til diskusjonar om etikk og moral i forhold til bruk av digitale verktøy.</p>	Elevundersøkinga, elevsamtalar	<p>Eleven er trygg i digital dømmekraft.</p> <p>Eleven syner god etikk og moral på digitale plattformer.</p>


Evaluering av utviklingsområde 2020/2021

Skulen har kontinuerleg evaluert planen og hatt oppe dei ulike delmåla i felles utviklingstid, der me har fokusert på innhaldet og evaluert i fellesskap.

Prosess og medverknad i evalueringa

Personalet

I personalet har me hatt oppe dei ulik delmåla på felles utviklingstid og sett på korleis me har jobba med dei og korleis me kan jobba vidare med dei. Me har hatt ein felles gjennomgang på dei ulike måla, jobba med kva forskning seier i forhold til dei ulike delane og reflektert rundt eigen praksis i forhold til for eksempel elevmedverking, eleven er den som er mest aktiv, eleven er kritisk til kjelder osv.



Me har jobba med SMARTE mål og sett at planen vår slik den er for 20-21 ikkje er spesifikk nok til at me kan måla undervegs på gode måtar. I dette arbeidet har me også reflektert rundt kva som kan målast og kva som skal målast og kva som tel når me jobbar med elevar og både fagleg- og sosial læring.

Elevar

Elevrådet er ein viktig faktor i arbeidet vårt når det gjeld elevane si læring. Dei tar innspel og diskusjonar dei har hatt ut i klassane og tilbake igjen til elevrådet. Me har hatt ein runde på leseresultata våre og elevane har kome med innspel om kva dei meiner må til for å heva leseferdigheitene sine. Elevrådet har også jobba med elevmedverking. Elevane sine innspel har me tatt med i evalueringa av utviklingsplanen i personalet.

Foreldre

Me har med jamne mellomrom oppe utviklingsplanen i Fau og SU, her går rektor gjennom tankar og prosessar bak utviklingsområda. Føresette sine tilbakemeldingar er at dei er mest opptekne av at elevane trivst og får god sosial læring. Dette med bakgrunn i at me har hatt eit heilt skuleår med korona og smitteverntiltak som me ser ikkje har vore godt for elevane våre.

LLE (Laget rundt læraren og eleven)

I laget har jobba mest med elevane si psykososiale helse. Me ser at me ikkje har fått til fokuset på samanhengen mellom sosial og fagleg læring i den grad me ønsker. Me jobbar systematisk med pedagogisk analyse på klasse- og elevnivå, og vil i det vidare arbeidet her fokusera meir på innhaldet i undervisninga. Me har lagt opp til felles kompetanseheving i pedagogisk analyse i samarbeid med Ppt, men grunna smittesituasjonen har dette blitt utsett til me kan samlast igjen.

Oppsummering av evaluering:

Læringsmiljø -

Me jobbar vidare med anti-mobbearbeid, Olweusprogrammet, Livsmestring gjennom kursa me har, og vidareføring av systematisk bruk av pedagogisk analyse. Alle desse områda er implementerte i drifta og ikkje satsingar.

Læringsresultat-

Når det gjeld læringsresultata vil me spissa målformuleringa vår både når det gjeld resultatmål og delmål. Me vil utarbeida ein strategi som famnar alle i skule, dvs alle elevar, alle lærarar og miljøpersonalet, samtidig som me kan måla framgangen hos elevane. For å få dette til må me gjera endringar i organisasjonen som går på fordeling/disponering av ressursar, oppretting og ivaretaking av profesjonelle fellesskap og endringar i praksis.

Resultat 2020-21

I denne delen vert det presentert eit utval av resultat frå skuleåret 2020-2021

Læringsresultat

Kartleggingsprøvar

Nasjonale prøvar- utvikling

På nasjonale prøvar ser me på skulen særleg på utvikling frå 8. til 9. trinn. Her skal elevane gå opp 4 skalapoeng frå 8. til 9. 4 skalapoeng er det som er forventet av læring i løpet av eit år. Resultata for 8. trinn viser kva dei kan etter barnetrinnet. Oversikten under syner at elevane på 9. trinn har gått opp 6 skalapoeng både i lesing og rekning. Totalt for skulen vår er desse resultata veldig gode.

Lesing

		2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
8.trinn	BUS		49	50	48	51	50	48	52
	Nasj		50	50	50	50	50	50	50
9.trinn	BUS	54	51	52	52	55	52	54	
	Nasj	54	53	54	54	53	54	54	

Rekning

		2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
8.trinn	BUS		50	52	48	52	52	49	53
	Nasj		50	50	50	50	50	50	50
9.trinn	BUS	54	54	55	52	55	53	55	
	Nasj	53	54	54	54	54	54	53	

Engelsk

		2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
--	--	------	------	------	------	------	------	------	------

8.trinn	BUS		49	52	49	51	51	49	52
	Nasj		50	50	50	50	50	50	50

På nasjonale prøvar blir elevane plasserte på 5 ulike nivå alt etter kor gode lesarar dei er. Nivå 1 er lågast prestasjonsnivå, medan 5 er høgaste nivå.

Oversikten under viser korleis BUS plasserer seg på antal lågtpresterande (nivå 1 og 2) og høgtpresterande (nivå 4 og 5) i forhold til nasjonalt nivå.

Resultata viser at BUS har ei ujevn kurve på desse resultata, dvs at dei varierer frå år til år. Dette kjem ikkje fram av denne oversikten.


Spredning nasjonal prøve 9. trinn

	Gjn snitt skalapoeng	Andel LP (nivå 1 og 2)	Andel HP (nivå 4 og 5)
Gjennnitt 15-21 BUS	52.4	18,7	44,2
Nasj	54	16	47,5
Utvikling 15-21	Ujevn	Ujevn	Ujevn

Mål i fag etter LK20

Eksamensresultat-utvikling

Elevane ved BUS hadde ikkje skriftleg eksamen i 2020 og 2021 pga koronapandemien.



KOMMENTER PREST NIVÅ I FORHOLD TIL EKSAMEN.

Standpunkt og eksamen

Standpunkt og eksamen skriftleg for BUS. Me har ikkje svært store avvik på standpunkt og eksamen ved BUS. Me reknar eit avvik på +/- 0,3 som signifikant.

	2015-16		2016-17		2017-18		2018-19		2019-20	
	Stp	Eks	Stp	Eks	Stp	Eks	Stp	Eks	Stp	Eks
Engelsk skriftleg	4,0	3,3	4,0	3,8	3,5	3,3	3,6	3,5	4,0	-
Mate matikk skriftleg	3,7	3,6	3,6	3,5	3,5	3,5	3,4	3,5	3,8	-
Norsk hovud mål	3,7	3,2	3,7	3,3	3,9	3,7	3,4	3,0	3,9	-
Norsk sidemål	3,9	3,2	3,7	3,3	4,3	3,9	3,6	3,6	4,0	-

Det er interessant å sjå kor elevane fordeler seg på nivå i faga. Figuren under viser fordelinga på høgt- og lågtpresterande elevar dei siste åra på eksamen. Me har rekna karakteren 1 og 2 som lågtpresterande og karakteren 5 og 6 som høgtpresterande.

Her manglar me tal for 2020 og 2021 grunna avlyst eksamen.

Me ser her at me har høgare andel lågtpresterande enn landet elles. Dette gjeld også resultatata på nasjonale prøvar på 9. trinn.

Når det står ujevn utvikling betyr det at det er variasjonar frå år til år, dette kjem ikkje fram i figuren.

Fordeling eksamen hovudmål

	Gjn snitt karakter	Andel LP (kar 1 og 2)	Andel HP (kar 5 og 6)
Gjnsnitt 14-19 BUS	3,3	20,7	12
Nasj	3,5	16,5	13
Utvikling 14-19	Ujevn	Ujevn	Ujevn

Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er snittet elevane har når dei søker seg inn på vgs. Her har me vore på landssnittet dei siste åra, men i 2019 fekk me ein dump ned. Me har analysert tala og sett på dette trinnet då dei var på barneskulen, og me ser at trinnet har hatt utfordringar heile skuleløpet.

Me ser at grunnskulepoenga både nasjonalt og hos oss har gått kraftig opp i 2020. Her er poenga bare rekna ut frå standpunkt, ikkje eksamen då denne var avlyst.

	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Bryne U	41,6	41	41,5	39,3	42
Nasjonalt	41,1	41,1	41,7	41,9	43,1

Skulebidragsindikatorar


Resultata på dei tradisjonelle skulebidragsindikatorane til Udir som er tilgjengelege er frå 18-19 kullet. I utviklingsarbeidet me har på skulen har me større nytte av å sjå på dei nasjonale prøvane og på elevundersøkinga i arbeidet vårt. Dei er meir spesifikke og eit betre verktøy å jobba med.

Skulebidragsindikatoren måler i kor stor grad skulen har bidrege til eleven si læring samanlikna med bidraget til elevar med tilsvarande bakgrunn på landsnivå. Snittet seier noko om forskjellen mellom karaktergjennomsnittet elevane faktisk oppnår på eksamen og det snittet dei er forventa å oppnå dersom skulen sitt bidrag er likt landsgjennomsnittet.


Skulebidragsindikatoren er ein statistisk berekna verdi der ein kontrollerer skulen sitt karaktersnitt med omsyn til forskjellar i eleven sine forutsetningar og familiebakgrunn. Indikatoren tar med 2 år i kvar måling.

Eit negativt bidrag betyr ikkje at skulen ikkje har bidrege til eleven si læring. Berekninga har ikkje tatt høgd for alle tenkelege forhold som skulen ikkje rår over.

Dette har me hatt fokus på dei siste tre åra og målet er at me skal opp på eit akseptabelt nivå. Me har hatt framgang dei siste åra, men gjekk kraftig ned for 18-19. Dette viser også igjen i 18-19 kullet sine faglege resultat, både standpunkt og eksamen.




Bryne ungdomsskule, Grunnskole, Skolebidrag 8.-10. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn



Læringsmiljø

Elevundersøkinga-utvikling



Bryne ungdomsskule, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Læringsmiljøet ved BUS syner at me ligg på nasjonalt nivå på alle indikatorane. Oversikten over viser utviklinga dei fem siste åra. Her ser me at me har positiv utvikling i 2021.

Læringskultur- elevane oppgir at det er meir uro i timane enn tidlegare år. Dei oppgir også at lærarane syns det er greitt at elevane gjer feil fordi dei kan læra av det.

Elevdemokrati og elevmedvirking- elevane oppgir at dei er med på å lage reglar, men at dei ikkje har tilstrekkeleg medvirking på eiga læring. Utviklinga har vore positiv, men skulen skårer lågt på dette spørsmålet. Den nasjonale skåren er også låg på denne indikatoren.

Fagleg utfordring- her ligg BUS litt under landssnittet og me ser at utviklinga går svakt ned.

Mestring- Elevane opplever større grad av mestring enn dei to føregåande åra. Her ligg me litt over det nasjonale snittet.

Motivasjon-på denne indikatoren har me dei siste to åra hatt nedgang, men ser at frå 2021 går talet opp igjen. Her ligg me på landssnittet.

Dei øvrige indikatorane er relativt stabile over år.

I elevundersøkinga for 20-21 ser me at gutane skårer høgare på trivsel motivasjon og meistring enn jentene. Dette har me ikkje sett tidlegare år.

Olweusundersøkinga

Me jobbar jevnt og trutt med anti-mobbearbeidet og ser at det er det einaste som nyttar. Me har hatt om lag 30 aktivitetsplanar dette skuleåret og ser at dette er positivt fordi me faktisk oppdagar mobbing på skulen vår. Ein aktivitetsplan er ein plan som skulen lagar i samarbeid med elevar og føresette om kva for tiltak me skal setja inn for at eleven skal få eit trygt og godt skulemiljø (jf Opplæringslova § 9a). Me har aktivitetsplanar både på den som vert utsett for krenking og på eleven/elevane som krenkar. Me opplever desse planane som veldig nyttige og virkningsfulle. Me har blitt flinkare til å dokumentera avslutta saker.

For at alle elevane skal ha fagleg mestring og framgang i læring, er det viktig at dei opplever at dei er trygge på skulen. Anti-mobbeprogrammet Olweus er godt implementert hos oss på BUS, og forutsetnadene for læring i fag ligg godt til rette.

Me ser ei auke i mobbetala på skulen dette skuleåret. I analysane av arbeidet ser me at den digitale mobbinga har auka, og me meiner også at smitteverntiltaka har ført til større einsemd og oppleveing av utestenging. Det at det har vore begrensingar på antal personar som kan vera samla, har hatt stor innverknad på sårbare elevar. Dette gjeld både på skulen og i fritida. Trass i at mobbeprosenten har gått opp, seier likevel 96 % av elevane at dei trivst på skulen.

Utvikling

2016	3,6
2017	4,1
2018	3,9
2019	4,6
2020	2,2
2021	6,1





Hausten 2021 skal 10. trinn ta del i eit prosjekt i regi av Norce. Prosjektet heiter “Stopp seksuell trakassering” og består i opplæring av personalet og undervisningsopplegg for elevane. Dei siste åra ser me i Olweusundersøkinga at seksuell språkbruk er ein av dei formene for mobbing som går igjen.

Eigne undersøkingar- kort oppsummert:

Laget rundt læraren og eleven

Alle trinna har kurs i livsmestring annakvar veke. Desse kursa evaluerer me to gonger i året. Det er elevane våre som har vore med på å laga undersøkinga og den går direkte på innhaldet i kursa våre.

Undersøkingane viser verken opp eller nedgang i resultatata. Dei har vore jamne no over ein treårsperiode. Sjå utdrag av undersøkinga under.



9. trinnet skal frå hausten 2021 vera med på ROBUST i regi av Universitetet i Stavanger. ROBUST er eit undervisningsopplegg der målet er å auka trivsel og motivasjon for elevar i ungdomsskulen gjennom å fremja sosial og emosjonell kompetanse.

Prosessar og medverknad i evaluering og analyse av læringsresultat og læringsmiljø

Me har analysert og evaluert resultatata fortløpande. Prosedyrane er at leiinga går gjennom alle resultatata på overordna nivå og presenterer kort i personalet. Lærarane jobbar med resultatata på klasse og individnivå. På denne måten meiner me at me får nytta dei på ein god og konstruktiv måte. Me har hovudfokus på utvikling over tid på eigen skule, og mindre på samanlikning med andre skular og kommunar.

Oppsummering av funn og val av tiltak vidare

Lesing er ein grunnleggjande ferdigheit i alle fag i skulen. Dei elevane som ikkje har gode leseferdigheiter har utfordringar i alle fag og fleire kan stå i fare for å droppa ut av vidaregåande opplæring. Lesing i dag handlar om å meistra livet. Lesing er også ein ferdigheit som famnar om alle i skulen, både elevar og vaksne.

Målet me har valgt er ambisiøst, konkret og langsiktig. Det kan verka smalt dersom ein ikkje tar med alle resultatata våre, samt det me veit om elevane og skulen vår, alt de me ser og observerer i løpet av skulekvardagen.

Me veit at elevane våre oppgir at dei ikkje har nok medverknad på eiga læring, at dei ikkje får dei faglege utfordringane dei treng og at me alltid må jobba med motivasjon og meistring. Dette har med tryggleik og fagleg og sosial inkludering å gjera.

Overordna mål for dei neste tre åra: Andelen lågtpresterande elevar i lesing på 9. trinn skal vera på under 15 %, og andelen høgtpresterande på over 47%.

Me vil setja opp fleire delmål, både faglege og sosiale som me ser me må jobba med for å nå det overordna målet.

STOPPPUNKT MED Å EVALUERA MÅLA. AT LÆRARANE ER MED




B. Utviklingsplan

Skildring av utviklingsområde


Mål for læringsmiljø og læringsresultat som er SMART- spesifikke, målbare, oppnåelige, relevante og tidsavgrensa

Læringsmiljø:


Læringsresultat:




Effektmål	Resultatmål	Delmål	Tiltak	Evaluering
<p>Andelen lågt-presterande elevar skal vera på under 15 % og andelen høgt-presterande skal vera på over 47 % i lesing på 9. trinn.</p>	<p>Eleven er ein god lesar i alle fag</p>	<p>Eleven har gode lesestrategiar for å lese alle typar tekstar i alle fag</p>	<p>Jobba systematisk med lesestrategiar, plan for gjennomgang på trinna. Fokus på fagmøter i alle fag kvar mnd, tema i ei fellestida kvart semester.</p> <p>Lærar modellerer lærings- og lesestrategiar.</p>	<p>Nasj prøve 9, fagmøter, undervisningsøkter, elev- og utviklingsamtale.</p>
		<p>Eleven kan lesa ulike typar tekstar i alle fag</p>	<p>Lærar legg opp til bruk av ulike typar tekstar i undervisninga.</p> <p>Lærar modellerer lesing i alle fag.</p> <p>Elevane lærer tekstanalyse og bruker dette i fleire fag (kritisk lesar).</p>	
		<p>Elevane opplever leseglede</p>	<p>Alle klassane les i klasserommet kvar veke (skjønnlitteratur etter eiga interesse). Lærar og elevar bruker Time bibliotek og BUS- biblioteket aktivt.</p> <p>Leseveke ein gong i året.</p> <p>Elevane deler leseglede.</p>	
	<p>Eleven opplever mestring i fag</p>	<p>Eleven kan lesa alle typar oppgåvetekstar</p>	<p>Systematisk begrepstrening i alle fag. Lærar jobbar med dette i faggrupper. Laga begrepsbankar i alle faga.</p>	



			Lærer modellerer i å lesa oppgåvetekstar. Lærer tilpassar tekstar i nivå.	
		Eleven opplever auka leseforståing	Lærer jobbar systematisk med begrepstrening i alle fag. Teksten er tilpassa elevane sine nivå. Lærer legg til rette for å auka elevane sin lesehastighet.	
		Eleven kan anvenda det han/ ho les og plassera det i samanheng.	Lærer bruker dagsaktuelle og relevante tema og tekstar i opplæringa. Lærer fokuserer på førlesing, kva kan eleven frå før.	
		Eleven kan anvenda kunnskapen sin i ulike situasjonar	Lærer lagar rike og vide oppgåver som kan løysast på ulike nivå og måtar.	
	Eleven er den som er mest aktiv i undervisninga	Eleven opplever aktivitet. 20/80 i alle fag.	Lærer legg til rette for samarbeidslæring i undervisninga (CL). Kompetanseheving for lærarar i CL.	Elevundersøking
			Det skal vera mest elevaktivitet i timane	
			Lærer legg opp til undervisning som PRUV	
		Eleven kan lytta, delta aktivt og diskutera fagstoffet	Lærer lagar praktiske oppgåver der det er mulig (problemløysing, utforsking osv.)	



Eleven medverkar i eiga læring	Eleven opplever medverking i alle fag.	Lærer legg opp til at eleven får vera med og bestemma arbeidsmåtar og produkt.	Eleven får fordupa seg i tema dei er interesserte i.	Elevundersøking
		Lærer bevisstgjer og snakkar med elevane om kva medverking er.		
	Elevane får evaluera seg sjølv i forhold til kompetansemåla.	Lærer og elevar diskuterer og tolkar kompetansemåla før nytt tema.	Lærer legg opp til at eleven får evaluera seg sjølv og andre. Two stars and a wish.	
		Eleven er med og utarbeider vurderingskriterier ut frå kompetansemåla		
	Eleven kan stilla kritiske spørsmål til/om det han/ho lærer	Lærer lagar rike oppgåver		
	Eleven veit kva djupnelæring er	Lærer og klasse reflekterer i lag og aleine, lærar modellerer refleksjon.		



		Elevane veit kva dei liker å lesa		
--	--	--------------------------------------	--	--

